

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 26. november 2013.

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Arne Vinje, Erik Skjervagen, Hilde Alice Vågslid, Øyvind Tveit, Jon Svartdal, Hans Bakke, Ketil Kiland, Sverre Sæter, Per Dehli, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 49/2013 Referat frå rådsmøte 15. oktober 2013

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til referat frå rådsmøtet 15. oktober 2013.

Sak 50/2013 Seljord Folkehøgskule. Orientering v/ rektor Arve Husby

Rektor Arve Husby orienterte nærare om skulens historikk og organisering og dei mange spanande studietilboda skulen tilbyr. Læringsarenaene er mange og finst både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Husby orienterte også om skulens utfordringar med omsyn til drift og økonomi.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande

Sak 51/2013 Forslag til eitt-årig prosjekt, "Mine moglegheiter i regionen"

Saken var utsett frå forrige rådsmøte med tanke på endeleg handsaming i novembermøtet.

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte prosjektforslaget slik det går fram av prosjektplanen. Ein set som føresetnad at kommunane går inn med den føreslegne eigendelen på kr. 5 000,- frå kvar, og vil be Kerstin Laue ta på seg oppgåva som prosjektleiar i prosjektperioden. Som prosjektansvarleg vert valt Ole Dalen.

Sak 52/2013 Arbeidsprogram 2012 - 2013, rapport pr november 2013

Det låg føre forslag om å rapportere nærare om samhandlingsreformen, utvikling og styrking av næringslivet samt felles strategiar for vidare vegbygging.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ynskjer å rapportere omkring IKT- samarbeidet og erstattar punktet omkring samhandlingsdformen med dette.

Ein vil be sentrale personar innafor dei ulike tiltaka stå for dette på komande møte i Vest-Telemarktinget 3. desember.

Sak 53/2013 Forslag til arbeidsprogram 2014 - 2015

Det låg føre forslag til arbeidsprogram 2014 - 2015, med nye tiltak under mål 1, 2 og 3.

I tillegg kom det på møtet forslag om å føye til fylgjande tiltak:

Under mål nr 3: " Vidareutvikle den regionale etablerertenesten"

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til arbeidsprogram for 2-årsperioden 2014 - 2015. Ein føyar også til føreslege punkt om vidareutvikling av etablerertenesten. Forslaget leggast fram for endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 3. desember 2013.

Vest-Telemarkrådet vil også drøfte ei nærare konkretisering av enkelttiltaka på rådsmøtet i januar 2014, med tanke på framlegging for Tinget i møtet 29. april.

Sak 54/2013 Forslag til budsjett 2014 for Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre forslag til spesifisert budsjett 2014 for Vest-Telemarkrådet med nærare orientering om dei enkelte postane. Budsjettet er sett opp i tråd med prinsippa i kommuneloven, og justert 3 % i tråd med signal frå Telemark Utviklingsfond.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2014 med tanke på endeleg handsaming i Tinget 3. desember.

Sak 55/2013 Forslag til opplegg/kostnadsoverslag for markering av 20-årsjubiléum VTR.

Det låg føre forslag til opplegg og budsjett for markering av 20-årsjubiléet til Vest-Telemarkrådet. Opplegget bygger på eit deltakarantal på 60 personar og har eit samla budsjett på kr. 163 400,-.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til opplegg og budsjett for markeringa av 20-årsjubiléet til Vest-Telemarkrådet 6. februar 2014.

Sak 56/2013 Forslag til møtekalender 2014

Det låg føre forslag til møtekalender for Vest-Telemarkrådet, Tinget og arbeidsutvalet for 2014.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 2014 med fylgjande endringar: Rådsmøtet 14.oktober flyttast til 21. oktober og AU-møtet flyttast tilsvarande frå 30. september til 7. oktober.

Likeeins flyttast rådsmøtet 18. november til 25. november med tilsvarande flytting av AU-møtet frå 4. november til 11. november.

Sak 57/2013 Telemark Lyntogforum. Orientering v/styreleiar Kjell Stundal og kommunikasjonsjef Thor Bjørlo, Norsk Bane AS

Kjell Stundal og Thor Bjørlo orienterte nærare om bakgrunnen for forslaget om å danne eit lyntogforum. Eit slikt forum vil mellom anna kunne gje betre arbeidsfordeling og bidra til god forankring.

Vedtak: Vest-telemarkrådet tek orienteringa til vitande, og ynskjer å delta aktivt i Norsk Lyntogforum for Vestlandsbanen og ber kommunane gjere det same. Rådet ber regionrådsleiar ta kontakt med dei 3 andre regionane i Telemark med tanke på eit vidare samarbeid om saken.

Sak 58/2013 Statsbudsjettet 2014 - verknader for Telemark fylkeskommune som regional utviklingsaktør/samarbeidspart.

Fylkesordførar Terje Riis Johansen hadde forfall til rådsmøtet.

Vedtak: Grunna forfall vert saken utsett til eit seinare møte

Sak 59/2013 Mogleg oppbygging av lokale akutt-team i Vest-Telemark. Orientering v/Arild Sørensen Norsk Luftambulanse.

Regionsjef Arild Sørensen frå Norsk Luftambulanse var tilstades og orienterte nærare om prosjektet "Mens du venter på ambulansen". Innleiingsvis fekk Rådet ei kort orientering om organisasjonen Norsk Luftambulanse AS og korleis organisasjonen arbeider. Næraste base for vår region er Arendal. Sørensen viste til prosjektet "Mens du venter på ambulansen", som er sett i gang i kommunane i Setesdal og Vinje, samt Numedal. Dette går ut på å utdanne brannmannskap (fyrstehjelparar) inntil profesjonell hjelp er på plass. Dette er supplement og ikkje erstatning, og vert løna av den enkelte kommune. Oppretting av lokale akutt-team har også ei økonomisk side der kostnadene vil variere med antal personar som rykker ut.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 60/2013 Høyring regional plan for samordna areal og transport i Grenland 2014 - 2025.

Det låg føre invitasjon frå Telemark fylkeskommune til å koma med uttale i høve til Regional plan for samordna areal og transport i Grenland 2014 - 2025.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ynskjer å gje uttale i høve til Regional plan for areal og transport i Grenland 2014 - 2025. Høyringsfristen er sett til 1. januar 2014, og regionrådsleiar får i oppdrag å lage utkast til uttale som vert sendt ordførarane for godkjenning.

Sak 61/2013 Orienteringssaker.

Innspel til avtalene mellom fylkeskommunen og kommunane.

Regionordføraren viste til det vedtekne arbeidsprogrammet for 2014 - 2015 og foreslo at avtalene som no vert gjort mellom fylkeskommunen og kommunane bør innehalde dei 2 punkta som gjeld vidareføring av nettverket for vidaregåande utdanning samt etablering av nettverk for viktige regionale institusjonar.

Vedtak: Ein samrår seg administrativt kommunane/regionen imellom og kjem attende til saken i eit seinare rådsmøte.

Reiselivssak.

Det går føre seg ein prosess i høve til vidare organisering av reiselivs-organisasjonane i Noreg. Hans Bakke er medlem av gruppa "team reiseliv" og er valt inn som representant frå kommunal sektor. Han orienterte nærare frå arbeidet i dette forumet og inviterte til å koma med innspel i saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande, og vil avvente nye signal frå rådmannsutvalet.

Tilleggssak.

Øyvind Tveit stilte spørsmål omkring komande møte i Telemark Interkommunale Næringsfond. Det skal vera ekstra årsmøte 5. desember, og det vart stilt spørsmål om ikkje TUF kan overta funksjonen til det interkommunale næringsfondet ?

Vedtak: Rådmannsutvalet drøftar saken og kjem attende til Rådet på eit seinare møte.

Orientering frå kurs.

Asbjørn Storrusten orienterte frå nyleg halde kurs om dei ulike nasjonale tilskotsordningane som finst. I alt 65 personar deltok på dei 2 kurskveldane, og det er svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Det er ynskje om å halde kurs også innan skrivning av søknader, og det kom fram ynskje om å få slikt kurs finansiert av Vest-Telemarkrådet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og vil sjå på moglegheiten for finansiering.

Vest-Telemarkbrosjyra.

Asbjørn Storrusten tok opp spørsmålet om deltaking i Vest-Telemarkbrosjyra for 2014. Bakgrunnen for spørsmålet er at 2 kommunar har meldt frå at dei er usikre på om dei vil delta komande år, og at mogleg bortfall av desse vil bety vanskar med finansieringa.

Kostnadene for deltaking er kr 35 000 pr kommune.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og kommunane/regionen vil ha vidare dialog med tanke på avklaring av spørsmålet.

Referant: Kjell Gunnar Heggenes